

Velkomen til Parkmøtet 2008

Onsdag 30 april på Fretheim hotell, Flåm

10.00-12.00 Formelt parkmøte (allmøte):

1. Velkomen
2. Organisatorisk status for Verdsarvparken
3. Aktivitetsrapport for 2007
4. Status handlingsplan for 2008
5. Partnerskapsavtalar
6. Val av 4 styremedlemar frå parkmøtet

12.00-13.00 Lunch

13.00-15.00 Foredrag og prosjektverkstad ved Irene Nygaardsvik med utgangspunkt i Verdsarvparken sin kjerneverdi; Verdiskaping skjer i møtet mellom menneske.

Bli med og set farge på Verdsarvparken!

Påmelding til e-post ivar@aurlandnh.no

Eller SMS/telefon til 46960391 helst innan 28 april.

Meir på botnlinja



Irene Nygårdsvik, doktorgradsstipendiat ved Agderforskning/ Norges Handelshøyskole, slår eit slag for det mangfoldige mennesket. (Foto: Kjartan Høvik, Aftenposten)

Bedriftsfilosofi basert på eit humanistisk verdigrunnlag, er ein del av Irene Nygårdsvik sitt doktorgradsarbeid.

Opplevingsbasert botnlinje og livsberikande struktur: Eit tankesett som gir rom for det "heile og skapande" mennesket. Bedrifta sin suksess kan også målast i opplevd sjølvrealisering, ikkje berre økonomi.

Det er påstanden til doktorgradsstipendiat Irene Nygårdsvik. Ho er utdanna siviløkonom, har mange års erfaring fra næringslivet, og har mista økonomane si barnetru. For ho har kome til at dynamikken i næringslivet ikkje åleine vert driven av jakta på profitt, slik den vanlige teorien hevdar.

- Det handlar om å bruke evnene sine og om å skape, meiner Nygårdsvik.

Irene Nygaardsvik vil leie den frie delen av programmet på Parkmøtet til Nærøyfjorden Verdsarvpark. Ho vil først, frå si plattform som forskar og siviløkonom, utdjupe Verdsarvparken sin grunnide om at verdiskaping er noko som skjer "i møtet mellom mennesker".

Deretter vil ho ta oss med i ein dialog slik at alle får vera med på å utvikle dei ideane og tiltaka som kan setje Verdsarvparken sin ide ut i livet.